

Botanisk notat 2004-1

NTNU
Norges teknisk-naturvitenskapelige
universitet
Vitenskapsmuseet

Dag-Inge Øien og Asbjørn Moen
Sølandet naturreservat
Årsrapport og oversyn
over aktivitetet i 2003



Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet
Vitenskapsmuseet
Botanisk notat 2004-1

Sølandet naturreservat
Årsrapport og oversyn over aktivitetet i 2003

Dag-Inge Øien og Asbjørn Moen

Trondheim, januar 2004

Føreord

I år er det 30 år sidan Sølendet naturreservat vart oppretta. Vi starta våre årlege studiar medan området var midlertidig freda (frå 1972), og kvart år frå 1976 er det gitt ut årsrapport som summerer årleg fagleg aktivitet og praktisk skjøtsel i reservatet, slik denne rapporten gjer det. Våre studiar har inkludert grunnforskning, overvaking, langtidsseriar, skjøtelsforsking og anna ”nyttedeforskning”, og formidling. Den grunnleggande forskinga har vore finansiert av eigen institusjon og forskingsrådet, medan naturforvaltninga (Direktoratet for naturforvaltning (DN) i perioden 1999-2002) har finansiert/støtta den meir forvaltningsretta delen.

Utmarkas tradisjonelle slåttelandskap er gjenskapt innan eit område på nesten 2 km² av Sølendet naturreservat, og området framstår i dag som eit referanseområde for studiar av utmarkas kulturlandskap. Metodar, forskingsresultat og erfaringar frå arbeidet på Sølendet blir brukt i mange samanhengar i forskning, naturforvaltning og formidling. Langtidsseriane på Sølendet er unike, og i august 2003 kom rapporten frå Noregs forskingsråd (Lange tidsserier for miljøovervåking og forsking – Viktige terrestriske og limniske dataserier) som stadfestar dette. Av 276 tidsseriar klassifiserte arbeidsgruppa 20 i ”prioritert gruppe”, der ”Slåttemyr og engvegetasjon på Sølendet” kom. Denne rapporten, der DN hadde koordineringsansvaret, kom berre eit par månader etter at DN av slo all støtte til arbeidet på Sølendet for 2003.

Året 2003 vart vanskeleg for arbeidet vårt på Sølendet. I 30 år har Vitskapsmuseet hatt nært samarbeid med og økonomisk støtte frå naturforvaltninga. Ut frå politiske vedtak og satsingar i miljøvernpolitikken på kartlegging, overvaking og vern av biologisk mangfald (bl.a. St.meld 42 om Biologisk mangfald) rekna vi med at langtidsseriane på Sølendet og andre stader kunne halde fram i overvakingsprogram. Vi søkte derfor hausten 2002 til DN om støtte for 2003 også for langtidsseriane i Tågdalen naturreservat i Surnadal og for seriar på kysten. I alle fall rekna vi med at samarbeidet om arbeidet på Sølendet vart vidareført. Her høyrer det og med til historia at støtte frå DN til Sølendet i 2001 vart overført frå forvaltningsbudsjett til ”annan overvaking av biologisk mangfald” (kap. 1410, post 21), og at dette er spesielt nemnt i St.prp. nr. 1 for budsjettermin 2001 frå MD. I april 2003 fekk vi munnleg informasjon frå DN om problem med finansieringa, og i brev 11.6.03 av slo DN søknaden for 2003 for Sølendet og dei andre områda. Frå våren 2003 og ut året er det brukt mye tid på diskusjonar, søknader med meir med ulike delar av naturforvaltninga (Miljøverndepartementet, DN, Fylkesmannen i Sør-Trøndelag (FM S-T)), og Noregs forskingsråd. Som vedlegg (C og D) har vi tatt med kopi av to (av mange) søknader som viser stoda. Den første til DN vart avslått, den siste til FM S-T, vart i desember 2003 gitt kr. 12 000 i støtte. Dette er da den økonomiske støtta naturforvaltninga har gitt i 2003. For 2004 er situasjonen uklar etter at Noregs forskingsråd av slo søknaden om støtte til arbeidet på Sølendet og Tågdalen (eit problem er at forskingsrådet ikkje støttar langtidsseriar og overvakingsprosjekt). FM S-T er positiv til støtte av den forvaltningsretta delen også i 2004, og har prisverdig tatt initiativ til eit snarleg møte mellom sentrale aktørar på Sølendet (DN, SNO, Røros kommune, FM S-T, VM).

Ei fagleg bekymring i 2003 er stoda for raudlistearten svartkurle. Vi fekk i 2003 trykt ein artikkel om arten (Moen Øien 2003), og det er klart at opp mot halvparten av førekomstane av denne orkideen i verda er på og ved Sølendet (om lag 3000 individ). Skjøtselen på Sølendet er klart positiv, men arten er utsett, og det er deprimerande at oppdyrking og øydelegging av lokalitetar for arten har halde fram også det siste året, sjå vedlegg B.

I 2003 har vi hovudsakleg ved eigne ressursar gjennomført det minimum av oppfølging som langtidsseriane krev. Vi er takksame for støtte og samarbeid med FM S-T, og vi har eit nært og godt samarbeid med oppsynet på Sølendet. Dette vonar vi held fram i 2004. Og i samarbeid med prosjektet Byen, bygdene og kunnskapen og Norsk botanisk foreining, Trøndelagsavdelinga ønskjer vi igjen vel møtt til guida tur på Sølendet måndag den 5. juli 2004 kl. 12.

Asbjørn Moen
prosjektleder

Innhald

Innhald.....	2
1 Innleiing	3
2 Vêr, fenologi og blomstring	4
2.1 Vêret	4
2.2 Fenologi	4
2.3 Blomstring	4
3 Skjøselsarbeid.....	8
4 Botanisk arbeid.....	10
4.1 Feltperiodar.....	10
4.2 Arbeid på delprosjekta og nokre resultat	10
5 Formidling og informasjon.....	12
5.1 Natursti og anna publikumsretta verksemd.....	12
6 Vidare arbeid	12
6.1 Skjøselsarbeid.....	12
6.2 Botanisk arbeid	13
7 Litteraturreferansar og nye publikasjonar i 2003	15
Vedlegg A Oppfølging av artar	16
Vedlegg B Forvaltning av lokalitetar for svartkurle.....	17
Vedlegg C Prosjektsøknad til DN.....	20
Vedlegg D Prosjektsøknad til Fylkesmannen i Sør-Trøndelag.....	24

Referanse:

Øien, D.-I. Sølendet naturreservat. Årsrapport og oversyn over aktiviteten i 2003. – NTNU Vitensk. mus. Botanisk Notat 2004-1: 1-26.

1 Innleiing

Hovuddelen av aktiviteten på Sølendet i 2003 har vore knytta til langtidsseriane og Dag-Inge Øien sitt postdoktor-prosjekt (sjå kap. 4). Asbjørn Moen er prosjektleiar og Anders Lyngstad har vore engasjert som forskingsassistent. Trond Arnesen ved Høgskolen i Sør-Trøndelag er og knytta til prosjektet. Elles har fleire vore engasjerte som felt-assistentar (jf. tabell 1), og totalt har arbeidsinnsatsen vore i overkant av eit årsverk i 2003. Overvaking av meir enn 50 enkeltartar (m.a. svartkurle) i faste prøveflater i høve til skjøtsel, gjengroing og naturlege svingingar (kap. 2 og 4) har vorte gjennomført og utgjer hovuddelen av feltarbeidet i 2003. Sølendet er og brukt aktivt i formidlingsarbeidet, m.a. med ein godt besøkt "open dag" den 7. juli og godt besøkte naturstiar gjennom heile sommarsesongen.

Tabell 1. Bemanning og arbeidsinnsats i 2003, inkludert arbeid med manuskript og foredrag. Arbeidet vart finansiert av Vitskapsmuseet, Norges forskningsråd (reisestøtte til D.-I. Øien) og Fylkesmannen i Sør-Trøndelag.

Namn	Feltarbeid	For-/etterarb.
Moen, Asbjørn prosjektleder	6 d	1 mnd
Øien, Dag-Inge postdoktorstipendiat	12 d	8,5 mnd
Lyngstad, Anders forskingsassistent	11 d	2 mnd
Moen, Erlend feltassistent	2 d	-
Moen, Gro Mette feltassistent	4 d	-
Storstad, Trond Magne feltassistent	3 d	-
	(38 d)	
Sum	1,9 mnd	11,5mnd

Botanisk forskingsarbeid i Sølendet naturreservat, retta mot vern, skjøtsel og overvaking har gått føre seg kvart år frå 1974. Årsrapporten for 2002 (Øien & Moen 2003) har med fullstendig liste over publikasjonar. Doktorarbeida til Trond Arnesen og Dag-Inge Øien (Arnesen 1999a-d; Moen & Øien 2003; Øien 2002; Øien & Moen 2001, 2002; Øien & Pedersen i trykken) er dei viktigaste publikasjonane dei seinaste åra. Elles viser vi til Moen (1990) og Moen et al. (1999) for ei oversikt over forskingsresultat, skjøtsel m.m. i reservatet. Den botaniske aktiviteten som heilskap på Sølendet

kan skiljast i ti delprosjekt der imidlertid grensene er diffuse:

- 1 Generell skildring av flora og vegetasjon
- 2 Produksjonsøkologiske studiar
- 3 Populasjonsøkologiske studiar
- 4 Næringsdynamikk i gamle slåttesamfunn
- 5 Bålvegetasjon
- 6 Skjøtselsplan, oppfølging av skjøtsel
- 7 Effektar av natursti
- 8 Effektar av beiting på tidlegare slåttemark
- 9 Genetiske studiar av orkidepopulasjonar
- 10 Orkidear og mykorrhiza

2 Vêr, fenologi og blomstring

2.1 Vêret

Snømengda vinteren 2002/2003 var om lag som normalt (70-80 cm vart målt i midten av april), men det var lite tele og mykje mildvêr og lite nedbør mot slutten av vinteren gjorde at snøen gjekk

tidleg (ca. 10. mai). Forsommaren 2003 hadde om lag normale temperaturar, men det var fleire netter med kraftig nattefrost i midten av juni. Resten av sommaren var varm; mykje tørt vêr i juli, men heller vått i august. Hausten var relativt normal, men med lite nedbør i oktober. Det første snøfallet kom i slutten av september, men snø som vart verande kom ikkje før i november.

Tabell 2. Månadlege middeltemperaturar og månadlege nedbørsummar for 2003 for respektive Røros og Brekken, samt normalar 1961-90. For Brekken med kortare måleserie enn normalperioden (stasjonen vart flytta i 1986) er middelverdiane utjamna mot omkringliggjande stasjonar (Aune 1993, Førland 1993).

Temperatur														
Røros	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	året	jun-aug
Normal	-11,2	-9,7	-5,6	-0,7	5,6	10,1	11,4	10,4	6,1	1,7	-5,2	-9,1	0,3	10,6
2003	-8,6	-10,1	-1,7	0,6	5,9	10,8	15,0	11,3	6,3	-1,2	-3,3	-6,9	1,5	12,4
Avvik frå normal	2,6	-0,4	3,9	1,3	0,3	0,7	3,6	0,9	0,2	-2,9	1,9	2,2	1,2	1,8
Nedbør														
Brekken	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	året	jun-aug
Normal	41	33	36	32	36	55	78	70	71	52	47	49	600	203
2003	67	8	13	19	37	56	54	128	75	30	19	91	596	238
% av normal	163	24	36	59	103	102	69	183	106	58	40	186	99	117

2.2 Fenologi

Trass i like tidleg snøsmelting som i fjor, førte mykje klarvêr med nattefrost utover i mai at blomstringa ikkje kom igang meir enn om lag ei veke tidlegare enn i eit gjennomsnittsår (ei til to veker seinare enn i fjor). Under følgjer eit utval fenologiregistreringar.

17. juni Gullmyrklegg på topp eller like over topp. Orkideane i knopp, men enkelte blod-, eng- og lappmarihand har strekt seg, og så smått byrja å blomstre på dei gunstigaste stadane, men frosten har tatt enkelte av dei. Også frostskade på kvitkurle og stortveblad. Bukkeblad sterkt ramma av frost, svært mykje brune blad. Ballblom i starten.

5. juli Dei fleste orkideane er på topp, med unntak av skogmarihand og svartkurle som er før topp, og brudespore og stortveblad som enno er i starten av blomstringa. Også tyrihjelms og enghumleblom og skogstorkenebb er på topp, medan kvitsoleie og ballblom er over toppen. Ull-artane har enno ikkje nådd toppen.

13. juli Svartkurle, blodmarihand og lappmarihand er no over toppen, medan flekkmarihand, skogmarihand og stortveblad enno er på topp. Brudespore er før topp. Elles er ullartane og søte-artane på topp, skogstorkenebb og tyrihjelms over topp, og ballblom heilt på slutten av blomstringa. Gulsildre, følblom og sumphaukeskjegg er heilt i starten av blomstringa.

6. aug. Sumphaukeskjegg, blåknapp, kvann, sløke, jåblom, gulsildre, blåklokke og ryllik i full blomst. Følblom er over toppen, medan tyrihjelms og engkall er heilt på slutten av blomstringa. Alle orkidane er avblomstra.

9. sept. Alt er avblomstra og i ferd med å visne i feltsjiktet, med unntak av nokre blåklokker, kvitbladtistel og ryllik som enno blomstrar. Enno ein del grønfage i feltsjiktet, men hovudinstrykket er gult. Skogen nesten gul, bladfellinga har byrja.

2.3 Blomstring

Generelt var 2003 eit heller dårleg blomstringsår, med blomstring lågare enn gjennomsnittet for dei


fleste artane. Blomstringa av gullmyrklegg var om lag gjennomsnittleg, noko dårlegare enn i fjor. Orkideblomstringa var litt dårlegare enn i eit middels år, dette gjeld for dei fleste marihand-artane, brudespore og stortveblad. For skogmari-hand og kvitkurle var 2003 eit svært dårleg blomstringår. Ull-artane hadde litt dårlegare blomstring enn dei siste par åra.

Svartkurle

Talet på blomstrande svartkurle i 2003 ligg på om lag det same nivået som dei siste ti åra, men med ein svak auke i høve til fjoråret. Det vart registrert totalt 145 blomstrande individ innanfor reservatet, ein auke på 30 frå 2002. Det var auke på Nilsenga og i den austlege (uskjøtta) delen av Vassdalen, medan det var ein svak nedgang i dei andre delområda (tabell 3). Sidan auken stort sett har kome på dei uskjøtta delane (tabell 4a) og nedgangen på dei skjøtta, har andelen blomstrande individ innanfor dei skjøtta areala i reservatet gått kraftig ned i

høve til i fjor, og ligg i 2003 på om lag 30 % av det totale talet (figur 1). Skjøtselen i dei viktigaste områda for svartkurle (delar av Nerlaua-engene og Nilsenga), starta i 1991 og 1993.

Talet på blomstrande svartkurle utanfor reservatet har gått svakt attende i høve til i fjor. Det er nedgang i dei fleste delpopulasjonane (tabell 4b). Medrekna dei nye delpopulasjonane som er følgde sidan 1998, er talet på blomstrande svartkurle utanfor reservatet om lag dobbel så stor som førekomsten innanfor (tabell 3). Det er difor svært urovekkjande at fleire av delpopulasjonane sør for riksvegen (Ryan) er truga av nydyrking (sjå årsrapporten for 2001). To av delområda (17 og 18 i tabell 4b) er heilt øydelagde. Dyrkingsar-beidet har halde fram også i 2003, og omfattar no også delområde 19. Dette trass i at den lokale forvaltninga er klar over situasjonen for arten og i 2002 lova å stanse nydyrkinga. Vi har rapportert om tilhøva for svartkurle til vernestyresmaktene (vedlegg B). Det totale talet på blomstrande svartkurle på og omkring Sølendet kom opp i om lag 425 individ i 2003.



Figur 1. Blomstring av svartkurle (*Nigritella nigra*) på Sølendet naturreservat. Figuren viser talet på blomstrande individ innanfor reservatgrensene, og andelen av det totale talet på blomstrande individ som finst på dei areala som no er skjøtta (stipla linje).

Tabell 3. Talet på blomstrande individ av svartkurle (*Nigritella nigra*) i sju område på og rundt Sølandet naturreservat i perioden 1978-2003. I: Nilsenga. II: Nerlaua-engene. III: Vassdalen, vest. IV: Vassdalen, aust. V: Aust for Torsvollvegen. VI: Sig sør for Ryan. VII: Sig nord for Ryan. Tala er til dels avrunda.

År	INNANFOR RESERVATET					UTANFOR RESERVATET				SUM
	I	II	III	IV	Total	V	VI	VII	Total	
1978	260	?	10	?	ca. 400	-	-	-	-	-
1979	415	260	39	12	730	-	-	-	-	-
1980	205	115	64	23	410	-	-	-	-	-
1981	115	145	65	25	350	-	-	85	-	-
1982	160	110	50	6	330	-	-	-	-	-
1983	120	45	36	4	205	-	-	-	-	-
1984	265	130	60	14	470	-	-	64	-	-
1985	245	130	13	9	400	-	-	-	-	-
1986	130	55	14	2	205	-	-	-	-	-
1987	50	35	13	2	100	-	-	-	-	-
1988	3	20	10	0	35	-	-	-	-	-
1989	30	60	25	8	125	?	?	?	ca. 50	ca. 175
1990	40	70	28	7	145	?	66	?	ca. 100	ca. 245
1991	100	25	13	7	145	?	165	?	ca. 200	ca. 345
1992	130	55	31	0	220	61	207	22	ca. 300	ca. 520
1993	60	31	13	2	105	18	83	0	ca. 105	ca. 210
1994	145	86	15	0	250	40	286	17	ca. 345	ca. 595
1995	92	35	16	4	150	17	286	4	ca. 310	ca. 460
1996	156	50	8	2	220	22	322	7	ca. 355	ca. 575
1997	53	14	6	0	75	15	151	1	ca. 170	ca. 245
1998	58	35	15	10	120	27	235	6	270	390
1999	37	62	14	3	120	8	212	4	225	345
2000	85	46	24	4	160	39	336	10	390	550
2001	95	58	22	4	180	34	294	5	340	520
2002	42	40	28	3	115	28	272	16	320	435
2003	82	29	20	14	145	25	247	4	280	425

Tabell 4. Talet på blomstrande individ av svartkurle i dei ymse delområda innanfor dei sju områda i tabell 3 i perioden 1975-2003. Reduserte eksemplar er ikkje inkludert.

a. Områda innanfor reservatgrensa (I-IV). Delområde 2, 5, 6 og 10 blir skjøtta.

	I Nilsenga					II Nerlaua-engene					III Vassdalen V				IV Vassdalen A		
	1	2	3	4	5	SUM	6	7	8	9	SUM	10	11	12	SUM	13	SUM
												N+S				N+S	
1975									c 30		c 36	10			>10		
1976											c 18	8			>8	1	>1
1977			80			170					37	2+3	0	2	>6	1	>1
1978				15	13	260					>12	1+8	1		10	1	>1
1979	50	139	163	18	43	413					260	2+32	0	5	39	5+7	12
1980	76	36	43	15	33	203			26		117	9+31	2	22	64	10+13	23
1981	20	37	30	4	23	114	41	75	27	*	143	10+43	1	11	65	5+20	25
1982	36	41	56	6	19	158	47	39	23	*	109	4+24	3	19	50	3+3	6
1983	46	23	39	2	8	118	8	33	4	*	45	4+21	4	7	36	1+3	4
1984						266			7		131	11+29	6	14	60	7+7	14
1985	96	38	48	5	9	243			29		130	3+6	0	4	13	4+5	9
1986	71	23	26	5	3	128	12	28	15	0	55	2+5	1	6	14	2+0	2
1987	21	10	9	5	4	49	8	21	5		34	5+2	2	4	13	0+2	2
1988	0	1	2	0	0	3	5	14	1	1	21	3+1	2	4	10	0+0	0

1989	5	10	9	4	0	28	12	48	2	0	62	2+8	2	13	25	2+6	8
1990	10	3	13	12	1	39	8	36	24	0	68	8+4	5	11	28	0+7	7
1991	45	28	18	6	0	97	3	16	5	3	27	2+7	0	4	13	2+5	7
1992	48	26	40	15	0	129	14	35	3	3	55	10+8	3	10	31	0+0	0
1993	17	9	25	5	2	58	4	22	3	2	31	4+4	0	5	13	0+2	2
1994	65	42	31	5	2	145	26	52	1	7	86	5+0	2	8	15	0+0	0
1995	49	27	9	6	1	92	12	18	1	4	35	3+6	4	3	16	3+1	4
1996	64	50	32	7	3	156	9	33	6	2	50	2+5	1	0	8	0+2	2
1997	24	23	5	0	1	53	8	5	0	1	14	3+3	0	0	6	0+0	0
1998	22	26	5	1	4	58	10	19	4	2	35	2+10	0	3	15	4+6	10
1999	12	17	7	0	1	37	4	47	6	3	62	0+11	0	3	14	1+2	3
2000	42	35	8	0	0	85	6	35	3	2	46	4+11	0	9	24	3+1	4
2001	31	55	9	0	0	95	15	34	7	2	58	5+14	0	3	22	2+2	4
2002	18	20	3	1	0	42	16	20	1	3	40	1+13	0	14	28	1+2	3
2003	45	22	7	8	0	82	6	21	2	0	29	1+16	0	3	20	1+13	14

b. Områda utanför reservatgränsa (V-VII).

	V. Aust for Torsvollvegen					VI. Sør for Ryan					VII. Nord for Ryan									
	14	15	16	Sum	17	18	18	19	20	21	22	23	30	31	Sum	24	25	27	28	Sum
						V	Ø													
1977								52	15	3	14					84				
1981																34	3	3	19	59
1984																34	12	1	17	64
1989																4	1			5
1990								36	21	9					66	7	0		3	10
1991					111	1	15	0	16	22	0				165	4	0			4
1992	5	32	24	61	122	6	6	0	45	28	0				207	21	1			22
1993	2	8	8	18	60	0	3	0	8	12	0				83	0	0	0	0	0
1994	2	23	15	40	206	7	3	26	25	19	0	0			286	10	0	0	7	17
1995	2	12	3	17	196	7	5	13	42	23	0	0			286	4	0	0	0	4
1996	9	5	8	22	192	0	14	40	42	34	0	0			322	4	0	0	3	7
1997	0	12	3	15	118	0	2	18	9	0	0	4			151	1	0	0	0	1
1998	8	14	5	27	78	6	4	40	10	37	3	0	57		235	6	0	0	0	6
1999	0	5	3	8	62	5	12	42	53	30	0	0	8		212	2	0	0	2	4
2000	5	25	9	39	85	0	6	30	20	33	3	0	99	60	336	6	0	0	3	10
2001	4	24	6	34	75	-*	2	23	23	36	1	0	73	61	294	4	0	0	1	5
2002	5	19	4	28	55	-*	2*	8	26	16	0	21	98	46	272	13	0	0	3	16
2003	2	17	6	25	51	-*	-*	17	17	30	0	15	65	52	247	3	0	0	1	4

* Øydelagt av nydyrking.

3 Skjøtselsarbeid

Statens naturoppsyn (SNO) har ansvaret for oppsyn og den praktiske skjøtselen på Sølendet. Arbeidet vart leia av Tom Johansen, og mykje av arbeidet vart utført av Øystein Nyrønning. Arbeidet har vorte gjennomført etter skjøtselsplanen med tillegg (Moen & Rohde 1985, Arnesen & Moen 1990). Postar og informasjonsplakatar til naturstien vart montert opp i slutten av mai, og årets skjøtselsarbeid starta i byrjinga av juli og varte fram til midten av september. Tabell 5 gir ei oversikt over tradisjonell skjøtsel som vart utført.

I tillegg til slått og raking vart følgjande skjøtselsarbeid utført:


- ein del rydding og hogging av vindfall.
- brenning av gras og ryddingsavfall.

- utsetjing av postar og informasjonsplakatar i naturstien.
- ymse maskinvedlikehald.
- oppsyn med sau.

Under heile arbeidet har T. Johansen hatt løpande kontakt med representantar frå Vitskapsmuseet, Seksjon for naturhistorie (SN). Alt graset som er raka opp er sidan brent eller levert som fôr. I samband med brenninga av gras vart det etablert to nye bålflekkar i vest, nr. 148 og 149 (jamfør kart i årsrapporten for 2002) med koordinatane (UTM WGS84): PQ 4418,5295 (148) og PQ 4448,5341 (149). Det vart i 2003 levert ein god del bakketørka høy frå Storesvollen-Klaustrypet-området, ca. 1 tonn til Rolf Feragen, og ca. 2 tonn til reineigarar i Riast-Hyllingen og Essand reinbeitedistrikt.

Tabell 5. Oversikt over tradisjonell skjøtsel som vart utført på Sølendet i 2003. Alle tal er omtrentlege, og nummereringa viser til figur 2.

Slått:	1 Intensivområdet i vest	35	daa	siste halvdel av juli
	2 Storesvollen-Klaustrypet	54	daa	byrjinga av august
	3 Tistelholmen-Bustmyra	56	daa	byrjinga av september
	4 Røsta	24	daa	siste halvdel av juli
		<u>169</u>	<u>daa</u>	
Raking:	1 Intensivområdet i vest	35	daa	siste halvdel av juli
	2 Storesvollen-Klaustrypet	54	daa	august
	3 Tistelholmen-Bustmyra	31	daa	byrjinga av september
	4 Røsta	24	daa	siste halvdel av juli
		<u>144</u>	<u>daa</u>	



Figur 2. Skjøtta areal i 2003. 1: Intensivområdet i vest, ca. 35 daa. 2: Storesvollen-Klaustrypet, ca. 54 daa. 3: Tistelholmen - Bustmyra, ca. 56 daa. 4: Røsta-området, ca. 24 daa. Mørk skravur: slått og raka, lys skravur: berre slått.

4 Botanisk arbeid

4.1 Feltperiodar

Det botaniske feltarbeidet på Sølendet i 2003 vart hovudsakleg utført i to periodar: 4.-7. juli og 30. juli-2. august. Totalt vart det utført 38 dagsverk botanisk feltarbeid.

17. juni. Gjødsling av ruter i gjødslingsfelt, teljing av gullmyrklegg, registrering av grunnvasstand, fenologiregistrering. Kort møte med forvaltninga på Røros om svartkurle-områda sør for reservatet. Frå SN: A. Lyngstad og D.-I. Øien.

4.-7. juli. Populasjonsøkologiske studiar (teljing og innmåling), ruteanalysar i felt for studiar av effekten av kantklippar, fenologiregistrering, skjøtelsopsyn. Omvising "Byen, bygdene og kunnskapen" (7. juli). Frå SN: A. Lyngstad, G.M. Moen (5.-6. juli), T.M. Storstad (4.-6. juli), D.-I. Øien.

14-15. juli. Teljing av svartkurle, registrering av grunnvasstand, fotodokumentasjon av ruter i gjødslingsfelt. Frå SN: D.-I. Øien.

30. juli-2. august. Populasjonsøkologiske studiar, slått av forsøksruter (produksjonsmåling), registrering av grunnvasstand, skjøtelsopsyn, fenologiregistrering. Frå SN: A. Lyngstad, A. Moen (til 1. aug.), E. Moen og G.M. Moen (begge 31. juli-1. aug.).

5.-6. august. Innsamling av orkidefrø, innmåling av marinøkler, skjøtelsopsyn, fenologiregistrering. Frå SN: D.-I. Øien.

8.-9. september. Utsetting av frøpakker med orkidefrø, skjøtelsopsyn, fenologiregistrering, vedlikehald av telemål. Frå SN: A. Lyngstad, D.-I. Øien.

4.2 Arbeid på delprosjekta og nokre resultat

For delprosjekta 1, 5, 6 og 7 hadde vi ingen spesiell oppfølging i 2003. Sjå årsrapporten for 2002 (Øien & Moen 2003) for skildring av dei enkelte delprosjekta.

Delprosjekt 2. Produksjonsøkologiske studiar

Slått av 48 prøveflater, dei fleste 12,5 m². E. Moen slo 31. juli og 1. august med ljå i følgjande lokalitetar (i parentes talet på prøveflater når det er fleire enn ei): 1(2), 2(3), 3(3), 4(2), 5(2), 8, 9, 10, 11, 12, 13, 14, 15(2), 16, 17, 18, 20, 22, 33, 34,

36, 37, 38, 40(3), 50, 61, 63, 64, 65, 66, 67, 69(2), 70, 74, 87, 301, 315. Ferskvekt vart målt med bismar i felt. Stikkprøver (3 pr. prøveflate) vart samla inn og frose ned.

Delprosjekt 3. Populasjonsøkologiske studiar

Studia av blomstringa hos ulike artar, og overvaking av verknaden av skjøtselstiltak i faste prøveflater tok som vanleg mykje tid. 60 takson (artar, underartar, hybridartar) vart talde i eit varierende tal ruter. Taksona er lista opp i vedlegg A. Teljing gjekk føre seg i totalt 183 ruter i 2003. Svartkurle blir talt også over større område (sjå kap. 2). I åra som har gått (for orkidear sidan 1977) har dette arbeidet gitt eit stort og interessant materiale med ubrotne seriar av teljingar. I tillegg til teljing vart 13 artar av orkidear og marinøkler (sjå vedlegg A) følgde på individnivå også i 2003 innanfor 58 av dei 186 rutene. Dessutan har ca. 12 individ av orkidehybridartar mellom artar i ulike slekter (*Coeloglossum*, *Dactylorhiza*, *Gymnadenia*) blitt følgde i meir enn 10 år. Tilstanden og vitaliteten til individa vart registrerte. Teljingane blir systematiserte i ein database (Access). Data-materialet er heile tida under bearbeiding, og i 2003 har arbeidet med systematisering av materialet for duskull og breiull (*Eriophorum angustifolium*, *E. latifolium*) kome langt. Dessutan vart ein artikkel om svartkurle trykt i 2003 (Moen & Øien 2003) og ein artikkel om lappmarinhand er klar for trykking (Øien & Pedersen, i trykken), begge i *Nordic Journal of Botany*. For eit samandrag av resultatata i artiklane viser vi til årsrapportane for 2001 og 2002.

Delprosjekt 4. Næringsdynamikk i gamle slåtte-samfunn

Klargjere slåttens sin betydning for næringstilgangen på slåttemyr og slåtteeng, og gjennom gjødslingsforsøk klargjere kva næringsstoff som avgrensar veksten i gamle slåttemyrsamfunn, samt kva effektar variasjonar i næringstilgang har på fertilitet og artsdiversitet. Eit gjødslingsforsøk som vart starta i 1999 som ein del av doktorgradsarbeidet til D.-I. Øien har halde fram. I 2003 vart prøveflatene følgde opp; dei vart gjødsla ein gong (17. juni) med flytande næringsløysingar. Eit manus med resultat frå gjødslingseksperimentet er utarbeidd og klar for trykking i *Applied Vegetation Science* (Øien, i trykken). Eit samandrag av resultatata er gitt i årsrapporten for 2001. Grunnvasstanden har betydning for tilgangen på næringsstoff i jorda. Det har difor også i år vorte gjennomført ei omfattande måling av vasstanden i

totalt 20 lokalitetar på Sølendet gjennom heile sesongen.

Delprosjekt 8. Effektar av beite på tidlegare slåttemark

Kartlegging av vegetasjon/suksesjon i rikmyrvegetasjon etter opphøyr av storfebeite. I 2003 vart det gjennomført registreringar av blomstrande individ av ei rekke artar i dei fire profila.

Delprosjekt 9. Genetiske studiar av orkidepopulasjonar

Studiar av hybridisering mellom orkideartane. Klargjering av slektskapsforhold og samanlikning med morfologiske karakterar. Det har vore arbeid med å få publisert resultat frå hovudfagsarbeidet til Sunniva Aagaard (Aagaard 2002) knytta til hybriden mellom lappmarihand (*Dactylorhiza lapponica*) og blodmarihand (*D. incarnata* subsp. *cruenta*) på Sølendet (sjå årsrapporten for 2002). Manus vil bli levert til tidsskriftet *Heredity* om kort tid.

Delprosjekt 10. Mykorrhiza og orkidear

Kartlegging og identifisering av mykorrhiza-sopp involvert i frøspiring og stoffomsetjing hos orkidear, og kva betydning mykorrhiza-soppen har for populasjonsdynamikken (frøspiring, blomstring, vekst, frøsetting).

Frø av kvitkurle, lappmarihand og svartkurle (*Coeloglossum viride*, *Dactylorhiza lapponica*, *Nigritella nigra*) vart samla inn i august. Frøpakkar (frø mellom planktonduk i diasrammer) vart laga og sett ut i september:

- 100 frøpakkar av *D. lapponica* fordelt på to vegetasjonstypar på rikmyr (Bustmyra).
- 54 frøpakkar av *C. viride* i engvegetasjon (Storesvollen).
- 200 frøpakkar av *N. nigra* fordelt på to vegetasjonstypar og område med og utan *N. nigra* i dag (Nilsenga og sig ovom riksvegen).

Det er ca. 50-200 frø i kvar pakke. Pakkane står loddrett ned i bakken slik at overkanten av nylonduken er jamt med jordoverflata. Dei er plasserte i grupper på 9-10 pakkar rundt ein bambuspinne og festa til pinnen med hyssing.

D.-I. Øien hadde eit forskningsopphald ved Smithsonian Environmental Research Center (SERC) i perioden 19. oktober til 6. desember. Hovudaktiviteten gjekk på gjennomgang av metodikk for dyrking av orkidefrø, oppformering av sopp og eks-

traksjon av DNA, samt enkle spiringsforsøk i laboratorium D.-I. Øien heldt og eit foredrag for tilsette ved SERC 19. november (sjå kap. 5). Dei førebelse resultatata spiringsforsøka tyder på at:

- frø av *Dactylorhiza lapponica* er i stand til å spire med ein gong dei kjem i jorda, medan frø av *Nigritella nigra* truleg må ha kuldebehandling.
- vekstmedium basert på havre ser ut til å vere brukbart for frøspiring i laboratorium.
- nokre mykorrhiza-sopp ser ut til å hemme frøspiringa, ingen ser så langt ut til å fremme frøspiringa.
- mykorrhiza-sopp fremmer veksten av protokormen (spirande frø/forstadium til rotknoll) hos *Dactylorhiza lapponica*, og er kanskje nødvendig for vidare utvikling til frøplante?

5 Formidling og informasjon

Personar frå SN har presentert Sølendet gjennom foredrag, omvisingar o.l. også i 2003, med resultat frå forskning og skjøtsel som hovudtema.

Foredrag om myr og orkidear i Norge, med Sølendet som døme, for staben ved Smithsonian Environmental Research Center, Maryland, USA, 19. november. Ved D.-I. Øien: "Mires and orchids of Norway – a temperate zone outpost".

Foredrag for studentar ved Høgskolen i Sør-Trøndelag i mars og 23. september, om utmarkas kulturlandskap i Norge med Sølendet som hovudemne.

Omvisingar:

- 7. juli. Omvisning og orientering om arbeidet i Sølendet naturreservat for i alt 25 personar som ein del av den populærvitskaplege foredragsserien "Byen, bygdene og kunnskapen" arrangert av Det Kongelige Norske Videnskabs Selskap og Vitskapsmuseet. Guide: D.-I. Øien.
- ultimo juli. Omvisning av to botanikarar frå Universitetet i Groningen, Nederland. Ved T. Arnesen.

Kronikk i Adresseavisen 4. august: "Forvaltningen av Sølendet naturreservat. Vern eller vanstell?" Av T. Arnesen.

5.1 Natursti og anna publikumsretta verksemd

Ein open dag med tilbod om guiding vart gjennomført 7. juli (sjå ovanfor). Sjølv om det heller ikkje i 2003 har vore gjennomført direkte teljing av besøkande, vurderer vi ut frå trakkpåverknad, observerte besøkande og parkerte bilar, at besøket har vore om lag som dei siste åra. Problemet med hardt trakk og sterk slitasje på dei viktige svartkurlelokalitetane i søraust (Nilsenga) blir gradvis betre. Skilta som kom opp langs kanten av engene i 1995, samt gjentatte oppmodingar til besøkande, spesielt svenske turarrangørar, om å følge naturstien ser ut til å ha ein viss effekt. Framleis er slitasjen merkbar, og vi følgjer utviklinga nøye.

6 Vidare arbeid

Skjøtselsarbeid, fagleg overvaking, formidling og botanisk forskning er nært integrert på Sølendet. Sidan opprettinga av reservatet i 1974 har vi ved Vitenskapsmuseet i samarbeid med naturforvaltninga tatt eit ansvar for heilskapen på Sølendet. 2003 vart eit vanskeleg år på grunn av at Direktoratet for naturforvaltning midt i året varsla at dei, etter meir enn 10 år ikkje støtta arbeidet på Sølendet. Framtida til dei botaniske langtidsseriane er no usikre. I 2003 gjennomførte vi dei mest naudsynte registreringane med eigne middel.

Overvakinga av artar og vegetasjon i faste prøveflater har gått føre seg i over 20 år. Så lange måleseriar er unike, også internasjonalt, og vil etterkvart kunne gi svar på ei rekkje økologiske spørsmål i høve til skjøtsel, gjengroing og naturlege svingingar. Dette vil kunne gi Sølendet ein unik posisjon framover, som overvaksingsområde av biologisk mangfald, spesielt på myr. Arbeidet med å følge opp desse langtidsseriane har prioritet frå vår side, men her er vi avhengig av støtte til forvaltninga etter som Noregs forskingsråd ikkje gir støtte til langtidsseriar eller overvaking.

6.1 Skjøtselsarbeid

For generelle råd når det gjeld skjøtselen på Sølendet viser vi til årsrapporten for 2002 (Øien & Moen 2003). Under følgjer ei liste over nødvendige, tradisjonell skjøtsel (rydding, slått, raking o.l.) som vi foreslår blir utført i 2004. Forslaget er utarbeidd i samarbeid med oppsynsmann T. Johansen. Det samla arealet som er foreslått skjøtta utgjer ca. 280 daa. Sjå kart i figur 3 (nummer viser til områda på kartet).

- slått av hovuddelen av intensivområdet i aust (1), ca. 116 daa.
- slått i Storholmen (2), ca. 11 daa.
- slått i Banholmen-Sunmerkaholmen (3), ca. 153 daa.
- raking, brenning/utkøyning. Raking skal utførast i heile område 1 og 3, samt i høgproduktive delar av 2.
- noko tynning av tresjiktet generelt og rydding av vindfall.
- vedlikehald av stakkstenger.
- ymse vedlikehald (maskinar, natursti).
- vedlikehald av klopper.

6.2 Botanisk arbeid

Kommentarar for dei enkelte delprosjekta som er gitt i årsrapporten for 2002 gjeld framleis for alle delprosjekta med unntak av det som er tatt med nedanfor.

Delprosjekt 4. Næringsdynamikk i gamle slåttesamfunn


Gjødslingseksperimentet som vart starta i 1998, for å klargjere kva næringsstoff som avgrensar vekst og produksjon i gamle slåttesamfunn på rikmyr. Resultat frå eksperimentet er publisert i Øien (i trykken) (sjå og Øien & Moen 2001). Eksperimentet vil halde fram i fleire år enno, men vi planlegg prøvetaking og vegetasjonsanalyse av prøveflatene i 2004, med hovudmål å klarleggje langtidseffektar av høgare næringstilgang. Heng saman med delprosjekt 1 og 3. Dessutan vil arbeidet med å samanstillle materiale frå undersøkingane av næringsdynamikken dei seinare åra halde fram. Målet er å framstille eit næringsbudsjett for desse plantesamfunna.

Delprosjekt 8. Effektar av beiting på tidlegare slåttemark

Klargjering av vegetasjonsendringar/suksesjon i rikmyrvegetasjon etter opphøyr av storfebeite. Oppfølging av prøveflater etablert i 1992 og omana-lysert i 1997. Desse seriane vil bli vidareført.

Delprosjekt 10. Orkidear og mykorrhiza

Nytt opphald ved SERC i april/mai 2004 for å avslutte spiringseksperimenta og klargjere vidare samarbeid. Innsamling av frøpakkar frå grønkurle, lappmarihand og svartkurle på Sølendet, isolering og oppformering av sopp frå pelotonar i protokormar (spirande frø/forstadium til rotknoll), ekstrahering av DNA for identifisering hos SERC. Dyrkingseksperiment i laboratorium for å teste effekten av mykorrhiza-soppen på frøspiring og vekst av protokormar. Det vil og bli samla inn røter frå dei same artane for å isolere sopp frå pelotonar i røtene. Minst eitt manus frå dette prosjektet er planlagt ferdigstilt i 2004.



Figur 3. Planlagt skjøtsel i 2004. Slått og raking i alle område. 1: Hovuddelen av intensivområdet i aust, ca. 116 daa. 2: nordlege delen av Storholmen, ca. 11 daa. 3: Banholmen-Sunmerkaholmen, ca. 153 daa.

7 Litteraturreferansar og nye publikasjonar i 2003

- Arnesen, T. 1999a. Vegetation dynamics following trampling in grassland and heathland in Sølendet Nature Reserve, a boreal upland area in Central Norway. - Nord. J. Bot. 19: 47-69.
- Arnesen, T. 1999b. Vegetation dynamics following trampling in rich fen at Sølendet, Central Norway; a 15 year study of recovery. - Nord. J. Bot. 19: 313-327.
- Arnesen, T. 1999c. Vegetation dynamics following trampling and burning in the outlying haylands at Sølendet, Central Norway. - Dr.scient. avhandl. Fak. kjemi & biologi, NTNU. Trondheim.
